

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 06.10.2021

Nina Bognøy (A) sette på vegner av A, SV, Sp, MDG, KrF, H, R og FNB fram slikt forslag til fråsegn: «Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har merka seg oppslag i media i august 2021 om Høgskulen på Vestlandet sin politikk i tilnærminga og tildelinga av praksisplassar for studentar ved Høgskulen.

Hovudutvalet oppmodar Høgskulen til å vurdere på ny tilnærminga og praktiseringa av praksisplassar for sine studentar til å også gjelda på tvers av dei gamle fylkesgrensene. Desentraliserte praksisplassar må verte nytta om dette er praktisk mogeleg for student og praksisplass. Det vil styrke desentraliserte fagmiljø å nytta desse i praksisperiode for studentar. Det kjem både student og fagmiljø til gode.

Vestland fylke har i sin Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 mål om:

«Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg»

Dette ser ein samsvarar godt med Høgskulen på Vestlandet sin strategiplan, 2019-2023 som mellom anna nemner:

«Kunnskap veks når den vert delt. Gjennom dialog med samfunnet og kvarandre, bidrar vi til at ny kunnskap veks og får gjennomslagskraft». Vidare kan ein lesa:

«Det er nærleik mellom studentar og tilsette, og mellom høgskulen og arbeidslivet vi utdannar til-og saman med. Vi arbeidar praksisnært og videreutviklar studia til det beste for regionen»

Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune ønskjer at fylket og Høgskulen utdannar den beste kompetansen, sentralt og desentralt. Utvalet vonar at studentane fritt kan velje praksisplassar i heile fylket med mål om eit kompetent og fagsterkt Vestland.»

Avrøysting

Bognøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune har merka seg oppslag i media i august 2021 om Høgskulen på Vestlandet sin politikk i tilnærminga og tildelinga av praksisplassar for studentar ved Høgskulen.

Hovudutvalet oppmodar Høgskulen til å vurdere på ny tilnærminga og praktiseringa av praksisplassar for sine studentar til å også gjelda på tvers av dei gamle fylkesgrensene. Desentraliserte praksisplassar må verte nytta om dette er praktisk mogeleg for student og praksisplass. Det vil styrke desentraliserte fagmiljø å nytta desse i praksisperiode for studentar. Det kjem både student og fagmiljø til gode.

Vestland fylke har i sin Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 mål om:

«Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg»

Dette ser ein samsvarar godt med Høgskulen på Vestlandet sin strategiplan, 2019-2023 som mellom anna nemner:

«Kunnskap veks når den vert delt. Gjennom dialog med samfunnet og kvarandre, bidrar vi til at ny kunnskap veks og får gjennomslagskraft». Vidare kan ein lesa:

«Det er nærleik mellom studentar og tilsette, og mellom høgskulen og arbeidslivet vi utdannar til-og saman med. Vi arbeidar praksisnært og videreutviklar studia til det beste for regionen»

Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune ønskjer at fylket og Høgskulen utdannar den beste kompetansen, sentralt og desentralt. Utvalet vonar at studentane fritt kan velje praksisplassar i heile fylket med mål om eit kompetent og fagsterkt Vestland.